

Kvernbit Kajakk; behov for lagerhus.

Meland kommune tok i 2019 kontakt med underteikna med spørsmål om eg kunne bidra med kajakk som sommaraktivitet for born og unge i kommunen, særleg for dei som ikkje hadde høve til å reise på ferie. Eg var då ikkje lenger medlem i den lokale padleklubben, og måtte dermed låne kajakkar og utstyr andre stader, m.a Ypsøy Kystgard og padlegruppa i Austrheim IL. Tiltaket vart veldig populært og etterspurtt, og det vart interesse for oppstart av ny padleklubb med særleg fokus på barn, unge og personar med nedsett funksjonsevne. Men også for alle andre.

IL Kvernbit -padlegruppe, i daglegtale kalla Kvernbit Kajakk, vart formelt stifta 2020 som undergruppe i IL Kvernbit. Vi har møtt stor velvilje og fått bevilga mykje utstyr frå hovudlaget, og har pr i dag 2 kajakkhengarar, fulle av havkajakkar tilpassa ulike behov og evner hos både våre medlemmer og barn/ unge som vi sørvar i heile kommunen.

Både i 2020, 2021 og 2022 har vi, i samarbeid med ungdomskoordinator, Bua Frekhaug / Manger (rus&psykiatri), ungdomsklubbar og skular, tilbydd sommaraktivitetar for ulike alderstrinn, rundt 10 4-5 timars aktivitetar og 2 16-timars grunnkurs Hav for ungdom (2022).

Vi er også samarbeidspartner med Nordhordland Turlag / Bergen og Hordaland Turlag, og hadde 2 dagars grunnkurs Hav ved Rongevær Kysthytte 1-2.oktober 1.10.22.

Vår profil og målsetting er å gje tilbod i heile Alver kommune, og vi har hatt aktivitetar mange stader, frå Vikanes (barn) til Bøvågen (barn og unge).

Vi har ikkje tilgang til naust eller lagring ved sjø, så underteikna har på eiga hand kjøpt ein brukta varebil til kajakkhengar og til transport av alt utstyr, som våt- og tørrdrakter, årer, vestar, spruttrekk m.m.

Både vi og hovudstyret såg straks eit stort behov for trygg lagring av hengarar og alt utstyr, samt vask og tørk av dette. Hovudstyret har tilbydd oss eit bygg på ca 75 kvm på plassen bak Meland Aktiv.

Dette vil vere ei fantastisk hjelpe for oss i drift av klubben, og heilt avgjerande for å ta vare på utstyr til store verdiar; minst kr 200.000 vil eg tru.

Slik det er i dag, må kajakkar lagrast på hengarane bak den nye forballhallen, medan alt øvrig utstyr må vaskast, tørkast, lagrast og reparerast heime hos underteikna; i garasje, kjellarstove og andre rom. Det er tale om over 20 tørrdrakter, over 40 våtdrakter, rundt 20 vestar, rundt 20 par padlesko, rundt 20 par padleårer, rundt 15 spruttrekk, samt diverse sikkerheitstøy. Mykje av dette er i bruk kvar veke, i sommarsesongen gjerne fleire gonger pr veke.

Vask tek ikkje stort meir enn 2 timer kvar gong, men tørking er ofte eit lotteri, med oppheng på stigar, under takutspring o.l, og må ofte bergast for regnbyger fleire gonger før det er tørt og i hus.

Vi har derfor eit svært stort behov for eit hus som sikrar vask, tørk, lagring og ikkje minst enklare logistikk og mange timer spart kvar gong.

Vi er stolte over kva vi har fått til på kort tid, med tilbod i heile kommunen, og ønskjer å oppretthalde og vidareutvikle tilbodet, og samtidig utdanne ungdom som kan ta stafettspinnen vidare. Ungdom som gjerne ikkje finn seg til rette i lagidrettar, og som det er svært viktig å fange opp og gje meiningsfull fritid. Ei rask saksbehandling og positivt svar på ein dispensasjonssøknad er heilt avgjerande for vidare drift på ein måte der vi ikkje slit oss ut med unødig meir arbeid ved aktivitetane.

Frekhaug, 12.10.22, Audun Håland, leiar Kvernbit Kajakk (og optimist!)

